Universitetet i Bergen (UiB) er eit byuniversitet der sentrale delar av campus ligg i Bergen sentrum. Vi har ca. 14 300 studentar og omlag 3 300 tilsette. UiB er kjend for forsking på høgt internasjonalt nivå og har mellom annafleire senter for framifrå forsking (SFF). Vi har ein sterk internasjonal profil, som medfører tett samarbeid med universitet over heile verda.

Instituttleiar ved Senter for internasjonal helse

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet er det ledig ei fagleg spanande og utfordrande åremålsstilling som instituttleiar ved Senter for internasjonal helse.

Senter for internasjonal helse er eit leiande senter innan feltet Internasjonal og Global helse (www.cih.uib.no). Senteret har vært eit tverrgåande senter ved UiB sidan 1988, og sidan 2008 har det vore eit tverrfakultært institutt ved Det medisinsk-odontologiske fakultet med eit serleg oppdrag i å følje opp eit av UiBs to overordna strategiske område: ”dei globalt viktige utfordringane med serleg vekt på fattigdom og utviklingsrelatert forsking”.

For 2011 har SIH ei budsjettramme over universitetsbudsjettet på 15 MNOK, og ca.28 årsverk er knytt til verksemda. Det er 10 faste professorat/førsteamanuensis og ei rekke professorar ved andre institutt er ein aktiv del av senteret. Den eksternt finansierte forskinga har eit betydelig omfang med ca. 24 MNOK.

Fakultetets hovudmål er å auke kvalitet og relevans for forsking og utdanning, og legg serleg vekt på aktiv samhandling mellom institutta for å oppnå dette. Utviklingsrelatert forsking og utdanning er strategisk forankra og prioritert ved fakultetet og ved universitetet, og senteret er ein hovudaktør for denne satsinga. Det er etablert sterke og aktive forskingsgrupper innan internasjonal og global helse, og det er ei stor og aukande samhandling med dei andre institutta ved fakultetet både gjennom felles forskargrupper og Forskarskulen i internasjonal helse.

Fakultetet søkjer ein instituttleiar som kan ta instituttet vidare i ei omstillingsfase.

Dei viktigaste oppgåvene til instituttleiar er å:

- utøve leiarskap, leggje til rette for og stimulere til gode forskingsmiljø og høg kvalitet i utdanningane, dertil å
- inspirere og motivere tilsette og studentar til fagleg utvikling
- bidra til at instituttet har oppdaterte strategiar for si verksemd og sørgje for at ressursar ved instituttet vert
- nytta i samsvar med strategiane til universitetet, fakultetet og instituttet
- sørgje for veleigna teknisk-administrative tenester og for effektiv drift av verksemda
- yte sitt til at instituttet har tilstrekkelege budsjettmessige økonomiske rammer, og leggje til rette for å auke verksemda som er basert på tilskot og finansierte av oppdrag, i tillegg til å sikre fullfinansiering av denne verksemda
- fremje eksternt og internt samarbeid
- utøve personalansvar for dei tilsette ved instituttet, ta i bruk relevante leiingsverktøy, og ha ansvar for resultat
- innan utdanning, forsking, forskarutdanning, økonomistyring, administrasjon og formidling
- arbeide målretta for ei betra kjønnsbalanse i dei vitskaplege stillingane ved instituttet

Vi søkjer instituttleiar som:

- har erfaring med å leie fagleg verksemd innan universitetssektoren og som kan vise til oppnådde resultat

- er internasjonalt framståande forskar med relevant professorkompetanse
- har gode evner til kommunikasjon, dertil evne til å skape tillit og byggje nettverk internt og eksternt har god innsikt i kunnskapsorganisasjonar og dei krav som vert stilt til administrative tenester og god økonomistyring
- har ein motiverande og inkluderande leiarstil prega av samarbeid, medverknad og dialog

Det er eit ønskje at leiarskapet vert kombinert med eigen forskingsaktivitet. Universitetet i Bergen, og Det medisinsk- odontologiske fakultet kan tilby eit konkurransedyktig fagmiljø, ein infrastruktur og utstyrspark som er i internasjonal klasse. Vi legg til rette for instituttleiar sin forskingsaktivitet og leiingsutvikling. Eit nært samarbeid med helseføretaka og primærhelsetenesta er av stor verdi for vår forskings- og undervisningsaktivitet.

Fakultetets organisering er under omstilling, og instituttsamansetninga vil sannsynlegvis endrast i åremålsperioden, tidlegast med verknad frå januar 2013. Dersom Senter for internasjonal helse blir omorganisert, er planen å vidareføre fagfeltet som eit tverrgåande senter. Stillinga som instituttleiar kan bli endra til stilling som senterleiar.

Instituttleiar rapporterer til dekanus og inngår i fakultetet si leiargruppe.
Informasjon om instituttet kan du finne på Universitetet i Bergen sin eksternweb:
http://www.uib.no/mofa

Løn etter gjeldande tariffavtale i lønssteg 84-90 (kode 1475), p.t. bruttoløn kr. 785 000-920 000. 2 % trekk av løna til Statens pensjonskasse (inntil 12 G).

Kvinner vert oppmoda særskilt til å søkje. Dersom fleire søkjarar vert vurdert å ha tilnærma like kvalifikasjonar, vert avgjerda om kjønnskvotering i Personalreglementet for tekniske og administrative stillingar nytta.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista.

Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.
Interesserte kan kontakte dekan Nina Langeland, telefon 55582087/416 16 450, e-post Nina.Langeland@mofa.uib.no eller fakultetsdirektør Nina Mevold, telefon 55 58 32 85/99205979, e-post
Nina.Mevold@mofa.uib.no

Send søknad og CV elektronisk via denne siden. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om dette.

Søknadsfrist: